# Retningsliner for infoskjermar i Vang

Infoskjermane er eigd av Vang kommune, og kjøpt inn for å nå ut til innbyggjarane med viktig informasjon, aktuelle nyheiter og varslingar. Formidling av arrangement som innbyggjarane kan delta på er også ein viktig prioritet, skjermane viser difor både komande arrangement og framheva arrangement frå foreningsportalen. Både kommunen, frivillige lag og næringsaktørar kan publisere sine hendingar i foreningsportalen.

Vi har infoskjerm på dei 3 daglegvarebutikkane, kommunehuset, biblioteket, legekontoret og VBU. Innhald kan publiserast på alle eller enkelte av skjermane, basert på aktuell målgruppe.

## 1. Prioritering

- Aktuelle nyheiter og varslingar frå kommunen
- Info om politiske prosessar, medverking, høyringar, kommunestyremøte
- Framheva arrangement i foreningsportalen (dei neste 15)
- Komande arrangement i foreningsportalen (dei neste 12)
- Kampanjer/haldningsskapande info om t.d. planlegge litt, ABC for psykisk helse o.l

Eksempel på sakar som *ikkje* er prioritert:

- Stillingsutlysingar
- Info om ting som har skjedd
- Marknadsføring for kommersielle aktørar
- Arrangement får ikkje eigne slides, men skal publiserast i foreningsportalen (les meir under punkt 4)

## 2. Krav til format

- Innhald skal publiserast som liggande bilde, 16x9'' / 1920px x 1080px
- Sliden må vere JPEG eller lagast direkte inne i Magic Info (WebAuthor)
- Max tekst: 50 ord / 300 tegn. Bruk helst mindre!
- Visingstid:
    - opp til 20 ord: minimum 12 sek
    - opp til 35 ord: minimum 14 sek
    - opp til 50 ord: minimum 16 sek
- Minimum tekststørrelse: p50
    - Unntak: slides som skal visast berre på legekontoret kan ha litt meir tekst/mindre skrift, då må også visingstida justerast opp.
- Sliden bør innehalde ei henvising til ei nettside eller kontaktpunkt for meir info, t.d. 'Les meir på vang.kommune.no' (Henvisingsteksten er ein del av max antall ord)
- Det skal vere god kontrast mellom tekst og bakgrunn
- Bilde/illustrasjon er positivt, pass på at det er eit tydeleg motiv som fungerer som eit blikkfang og raskt skaper relevante assosiasjonar til innhaldet

## 3. Arbeidsfordeling og ansvar

| Kva | Ansvar | Kontakt |
|---|---|---|
| Info frå frivillige lag | Frivilligsentralen | frivilligsentralen@vang.kommune.no |
| Folkehelse, ungdom, kulturskule + div | Folkehelsekoordinator | caroline.marlen.solie.bryntesen@vang.kommune.no |
| Helse | Kommuneoverlege | Mari.Kaspersen@vang.kommune.no |
| Biblioteket | Biblioteksjef | Marianne.Riste@vang.kommune.no |
| Kommunen - div | Stab | siri.lyngstad.hoyme@vang.kommune.no |
| Politikk | Stab | monica.sondrol@vang.kommune.no |
| Beredskap | Beredskapskoordinator | Mathilde.Anderdal@vang.kommune.no |

- Andre som ønskjer å få ting publisert tar kontakt med riktig person i teamet.
- Innad i teamet må vi ha tett dialog for å sikre at ting blir fulgt opp, og ikkje gjort dobbelt, samt avklare kva som evt kan vike når noko viktig må få plass.
- Den som publiserer må sjekke at det er plass til det ein ønskjer å publisere, og evt spørje resten av teamet om noko anna kan slettast.
- Den som publiserer må ta ansvar for eigne filer, legge inn sluttdato, samt rydde i utdaterte slides ved å jamleg slette sine filer frå content.

## 4. Om foreningsportalen

- Både kommunale verksemder, frivillige lag og næringsaktørar kan publisere sine arrangement i foreningsportalen. Les om korleis få tilgang til / bruke foreningsportalen her.
- Vi framhevar gjerne enkeltarrangement, og hendingar som skjer ikkje oftare enn kvar månad. For å få framheva eit arrangement: Meld frå til frivilligsentralen@vang.kommune.no
- Siri har hovedansvar for å publisere Vang kommune sine arrangement i kalenderen. Kommunale verksemder som ønskjer å få publisert arrangement kan sende tekst og bilde til siri.lyngstad.hoyme@vang.kommune.no (Verksemder som publiserer ting jamleg kan gjerne få eigen tilgang og opplæring for å kunne publisere sjølv)
- Kulturskulen, biblioteket, frivilligsentralen og den kulturelle spaserstokken har eigne oppføringar i portalen og publiserer arrangement direkte frå desse.

## Andre flater (retningsliner under utvikling)

- Kommunen si heimeside
- vangivaldres.no
- SoMe
    - ‘Vang kommune’ på facebook
    - ‘Vang’ på facebook
    - ‘Vang’ på Instagram
    - Andre kommunale verksemder på facebook